

Statsforvaltarens tilråding til
Miljødirektoratet om vern av skog for

Utviding av Kleppefjell naturreservat med
endring av namn til Kleppefjell og
Venelinuten, Hjartdal kommune

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark,
mai 2025

Innhold

1.	FORSLAG.....	3
1.1	Heimelsgrunnlag	3
1.2	Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget	3
1.3	Andre interesser.....	5
1.4	Planstatus.....	6
2.	SAKSHANDSAMING	6
2.1	Sakshandsamingsprosessar.....	6
2.2	Forholdet til utredningsinstruksen	6
2.3	Forvaltningsmynde	7
3.	VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN	7
3.1	Namn.....	7
3.2	Avgrensing.....	7
3.3	Verneforskrifta	7
4.	OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLEGARE VERNEVEDTAK.....	9
5.	FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAAR	10
5.1	Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar	10
5.2	Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar	10
5.3	Avveging skogvern – skogbruk.....	10
5.4	Forvaltningsmynde	10
6.	SKILDRING AV KLEPPEFJELL OG VENELINUTEN NATURRESERVAT MED MERKNADER	11
1.	Kleppefjell og Venelinuten, Hjartdal kommune.....	11
1.1	Kleppefjell NR (utv.), Hjartdal kommune.....	12
1.2	Kleppefjell NR (utv.) 2, Hjartdal kommune	12

1. FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark tilrår vern av Kleppefjell og Venelinuten naturreservat i medhald av naturmangfoldloven (lov om forvaltning av naturens mangfold). Området er utviding av eksisterande Kleppefjell naturreservat, som har eit areal på 1752 daa. Samla areal etter utvidinga blir 23140 daa.

Tilrådinga omfattar 21 388 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal i utvidingsarealet er 17648 dekar, og av dette er 17245 dekar produktiv skog. Alle tall er oppgitt i UTM sone 33.

Området som blir foreslått verna, er:

1. Kleppefjell og Venelinuten naturreservat i Hjartdal kommune, Telemark fylke

1.1 Heimelsgrunnlag

Området blir foreslått verna i medhald av naturmangfoldloven § 34 og § 62.

Området blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Naturreservata skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane

- a (variasjonsbreidda av naturtypar og landskap),*
- b (artar og genetisk mangfald),*
- c (trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar).*

Verneområda skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- *Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.*
- *Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen trua artar og naturtyper skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga artar og naturtyper skal betras.*

Oppretting av verneområda bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelte i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep, gir verneområda også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c.

Området vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedtekne av Stortinget om 10 % vern av skog.

1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Det foreslåtte verneområdet inkluderer viktige naturtypar og mange trua og nær trua artar.

Vern av området bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane, gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Det foreslåtte verneområdet har stor variasjon og rikt artsmangfald. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økosystemtjenester skogen gir. Vern av området vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste av skogen i denne tilrådinga er gammal barskog, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten kan den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna, blir estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar.

I denne verneplanen er verneverdiane for området knytt til gammal furuskog og to raudlista naturtypar som vil bidra til å fylle manglar i vernet, samtidig vil dei bidra til å bevare trua og nær trua artar.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er innhenta frå:

Reiso S., Reiso S., Reiso S. 2016. *Naturverdier for lokalitet Kleppefjell-Runningsfjell, registrert i forbindelse med prosjekt Kalkskog Telemark 2015. NaRIN faktaark. BioFokus, NINA, Miljøfaglig utredning.*

Høitomt, L. E. og Brynjulvsrud, J. G. 2020. *Naturverdier for lokalitet Kleppefjell NR (utv.), registrert i forbindelse med prosjekt Frivillig vern 2019. NaRIN faktaark. BioFokus.*

Reiso, S. 2020. *Naturverdier for lokalitet Kleppefjell NR (utv.) 2, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2019. NaRIN faktaark. BioFokus.*

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i området som blir foreslått verna er hogst, mineralutvinning og ulike typar utbyggingar. Vern av det foreslåtte området skal gjennom føresegner om slike tiltak sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til å sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til dekning av viktige manglar i skogvernet. Området vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua naturtypar og levestad for at mange trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døye ut.

Verneforskrifta opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett vurderast å ha lite å seie for verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane ringast. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering, og der den som skadar miljøverdiar betalar der det ut frå omsynet til verneverdiane er fastsette føresegner om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i området vil dei aktivitetane som i samsvar med verneforskrifta kan førast vidare, med lita grad av sannsyn ha vesentleg negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt likevel ikkje vesentlege inngrep i området.

Statsforvaltaren vurderer det slik at vernet med stor grad av sannsyn vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Statsforvaltaren reknar at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter Statsforvaltarens oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje tillagt ytterlegare vekt i denne saka.

For nærare beskriving av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldsloven kapittel II, blir det vist til omtalen av Kleppefjell og Venelinuten i kapittel 6.

Dersom området ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.


1.3 Andre interesser

Kraft og energi:

Det går ikkje kraftleidningar innfor området, men i sørvest ligg det ei 22 kV kraftline utanfor og nær området. Kraftlina ligg om lag 30 meter frå vernegrensa og er eigd av Skagerak Nett AS. Det ligg og ei 132 kV kraftline søraust for området som er eigd av Lede AS. Deler av ryddebeltet (5 meter) ligg innanfor det eksisterande reservatet. Det ligg og ei 22 kV kraftline aust for verneområdet som er eigd av Skagerak Nett AS. Denne ligg langt unna vernegrensa.

Det er ei telemast innanfor eksisterande Kleppefjell NR. Gjennom høyringa har det kome fram at det går ein strømkabel i luftline frå høgspennetlina som ligg utanfor verneområdet i sør og opp til telemasta.

Det føreligg planar om ein kraftverkstunell under reservatet. Bilde nedanfor viser kor kraftverkstunellen (blå linje) skal gå sørover frå Sønnlandsvatnet. Planane er utarbeid av Sauland kraftverk AS, som er eigd av Skagerak Kraft AS. I samband med planar om utviding av kraftanlegget har det kome fram at det er behov for ei svingesjakt. I uttalen til oppstartsmeldinga var plasseringa av svingesjakta helt konkret plassert i terrenget på gnr./bnr. 69/1. I uttale til høyringa er plasseringa meir usikker på grunn av at realiseringa av Sauland Kraftverk er blitt utsett i tid og at ulike metodar for tunneldriving kan endre den geografiske plasseringa noko. Sjå og kapittel 6.



Bilde: Viser kraftverkstunellen (blå linje) som går frå Sønnlandsvatnet (nord for verneforslaget) og vidare sørover gjennom verneforslaget.

Henta frå: <https://temakart.nve.no/tema/skogvern>

Mineral

Det er ikkje registrert mineralførekomstar innanfor området. I sin uttale til høyringa seier DMF at dei ga fråsegn utan merknadar til oppstart av verneplanprosessen 20. desember 2021. Vidare seier dei at dei har gitt undersøkingsrett til Teako Minerals Norway AS 14. februar 2024 innfor utvidingsområdet, og at det skal undersøkast for bly, gull, kopar og sølv. For meir informasjon viser vi til DMF sin uttale og Statsforvaltaren sine kommentarar i kapittel 6.

Friluftsliv

Det går ein sti gjennom området aust for Fagerskartjønn vest i tilbodsområdet, retning Sjausetvatn. Det går også ein sti inn til ei hytte ved Strandstul innanfor vernegrensa. Stiane kjem fram i vernekartet.

Andre tekniske inngrep

Det ligg ei hytte ved Strandstul som blir liggande innanfor verneområdet. Det ligg og ei hytte/jaktbu nordvest for Trytetjønnfjellet (Rådalsløken), som grunneigar har bede om blir teke ut av vernearealet. Det omfattar ca. 3 daa. Dette kjem fram av vernekartet.

Det går ein traktorveg gjennom området frå Tuddalsvegen og inn til Husevatnet. Vegen er teke ut av verneområdet i prosessen fram mot høyring. Vegens bredde er 14 meter (sju meter til kvar side frå senter av vegen). Vegen kjem fram av vernekartet og deler den største delen av vernearealet i to.

1.4 Planstatus

Arealet i dette verneforslaget er avsett som LNFR-område i Hjartdal kommune sin arealplan.

2. SAKSHANDSAMING

2.1 Sakshandsamingsprosessar

Namn	Tilbod	Oppstart	Høyring
Kleppefjell og Venelinuten	05.07.2019	29.10.2021	22.02.2024

Frist for uttale til høyringa var 22. april 2024.

Tilbod om vern kom inn frå 14 grunneigarar via AT Skog.

2.2 Forholdet til utredningsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utredningsinstruksen. I kapittel 1 og 2 grunngjev ein for verneforslaget på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur blir klargjort. Vidare blir omtalt kort kva som eventuelt skjer med verneverdiane viss verna ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I kapittel 5 blir samfunnsnytta av verneforslaga vurderte på eit overordna nivå, saman med økonomiske og administrative konsekvensar. I kapittel 6 blir omtalast og vurderast generelle kommentarar og konkrete merknader til verneforslag for dei enkelte områda frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane i områda og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen gjort endringar i vernereglar og avgrensing for verneforslaget.

Gjennomføringa i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen har medført inkluderande prosessar som sikrar ei vellykka gjennomføring.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldsloven § 14 er dermed oppfylt.

2.3 Forvaltningsmynde

Aktuelle kommunar skal gjennom høyringsprosessen gi tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmynde for nye verneområde i tråd med gjelda politikk på området. Forvaltningsmynde blir fastsett gjennom forskrifta når område blir vedteke vernet.

3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

3.1 Namn

Det har under høyringane kome innspel som foreslår endring av namn på området. I oppstartsmeldinga var namnet på området Kleppefjell (utviding). Språkrådet kom med innspel til oppstartsmeldinga. Dei ville at Statsforvaltaren skulle sjå på om det kunne vere andre namn som var meir dekkande for området sidan det utvida området dekker mykje meir enn berre Kleppefjell. Statsforvaltaren foreslo difor Kleppefjell og Venelinuten som namn under høyringa etter å ha konferert med AT Skog på vegne av grunneigarane.

3.2 Avgrensing

Det er etter oppstartsmeldinga gjennomført fleire endringar i avgrensingar for Kleppefjell og Venelinuten:

1. Det er teke ut eit areal ved Rådalsbekken etter ein dialog med Skagerak Kraft AS i samband med utviding av Sauland Kraftverk.
2. Det er og teke ut ein traktorveg i tilknytning til Vesleåa ettersom det viser seg at denne blir bruka mykje med ATV av hyttefolk.
3. I samband med dette blei det og endra noko på grensa ved to hytter aust for Husevatnet.
4. Grunneigaren på gnr./bnr. 64/1 ba om at det måtte takast ut eit areal tilsvarande ca. 3 daa ved ei hytte/jaktbu på deira eigedom nordvest for Trytetjønn fjellet (Rådalsløken).

3.3 Verneforskrifta

Det er gjennomført visse endringar i verneføresegnene etter høyringa. I høyringa lød føremålet slik:

«Føremålet med forskrifta er å ta vare eit storområde som har særskilt betydning for biologisk mangfold på grunn av lågurt- og kalkfuruskog, samt kalkgranskog og innslag av varmekjær lauvskog. Området har biologisk gamal skog med til dels mykje keloelementer, brannstubbar og daud ved, samt sjeldne og truga artar av karplanter, sopp og lav.»

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.»

Vi føreslår følgjande føremål som vil vere i tråd med ny forskriftsmal:

- «Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit storområde som
- a) inneheld trua, sjeldan og sårbar natur med lågurt- og kalkfuruskog, kalkgranskog, og innslag av varmekjær lauvskog med sjeldne og trua artar av karplanter, sopp og lav
 - b) har særskild betydning for biologisk mangfald på grunn av mykje keloelement, brannstubbar og daud ved.

Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.»

Vidare er det gjort følgjande endringar i føresegnene:

- For å følgje forskriftsmalen har vi tatt ut formuleringa om bålbrekking som sto i § 4 bokstav k i høyringsdokumentet. Føresegna er i staden flytta til § 3 bokstav e og lyder slik:

«Brekking av bål er forbode. Forbodet gjeld ikkje bålbrekking med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk.»

- Under høyringa hadde vi følgjande ordlyd i § 4 bokstav d:
«vedlikehald og merking av eksisterande stiar vist på vernekartet».
Orda «...og merking...» er tatt ut i forskrifta til tilrådinga fordi det ikkje har kome konkrete innspel og for å tilpasse forskrifta til ny mal.
- I § 4 bokstav h og i er det tatt inn følgjande føresegner knytta til kraftinteressene i søraustre del av verneforslaget. Sjå våre kommentarar i kapittel 6:

h) drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet

i) oppgradering eller fornyelse av eksisterande kraftledning for heving av spenningsnivået og økning av linetverrsnittet når tiltaket ikkje skader verneverdiene angitt i verneformålet nevneverdig

- I § 4 bokstav l i forskrifta som følgjer tilrådinga har vi lagt til følgjande ordlyd i tråd med ny mal:
«...siktelinjer ved faste jaktpostar i...»
- § 4 bokstav l i høyringsdokumentet har vi tatt ut følgjande tekst:
«vedlikehald av svingsjakt som del av energi- og kraftanlegg tilhøyrande Skagerak Energi AS».
Det vises til vår omtale av dette under kapittel 6 med våre kommentarar til innspel frå Skagerak Energi AS når det gjeld Sauland kraftverk.
- I § 4 bokstav f er inkludert i forskrifta i tilrådinga da dette er den ordlyden som blei høyrd på.
- I § 5 bokstav b har vi lagt til orda «...avmerka på vernekartet» i tråd med forskriftsmalen.
- I § 6 bokstav d i høyringsdokumentet har vi tatt ut følgjande tekst:

«naudsynt motorferdsel i samband med vedlikehald av svingsjakt som del av energi- og kraftanlegg tilhøyrande Skagerak Energi AS. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyremakta».

Det vises til vår omtale av dette under kapittel 6 med våre kommentarar til innspel frå Skagerak Energi AS når det gjeld Sauland kraftverk.

Dette er erstatta med følgjande tekst i § 6 bokstav d i forskriftsmalen:

«naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta».

Det vises til vår omtale av dette under kapittel 6 med våre kommentarar til innspel frå Lede As når det gjeld 132 kV kraftline.

- I § 7 bokstav e i høyringsdokumentet hadde vi følgjande tekst:
«merking og rydding av nye stiar».

I den nye forskriftsmalen er det ikkje opna for å ha med denne føresegna. Statsforvaltaren har i verneprosessen merka seg at det har kome opplysningar om at det er fleire gamle stiar innanfor verneforslaget og meiner difor at denne føresegna bør takast med i den endelege forskrifta.

- I § 7 bokstav j i forskrifta som følgjer tilrådinga har vi lagt til følgjande føresegn i tråd med ny forskriftsmal:
«naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftleidning».
- I § 11 har vi lagt til følgjande tekst i tråd med ny forskriftsmal:
«Miljødirektoratet kan delegere styresmakta til kommunar som samtykker til det».
- I § 12 har vi lagt til følgjande tekst:
«Samtidig blir FOR-2018-12-07-1833 Forskrift om vern av Kleppefjell naturreservat, Hjartdal kommune, Telemark oppheva».

4. OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLEGARE VERNEVEDTAK

Følgjande eksisterande vernevedtak blir foreslått oppheva som følge av den nye verneplanen:

1. *Forskrift 07.12.2018 nr.1833 om vern av Kleppefjell naturreservat, Hjartdal kommune, Telemark*

5. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR

5.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er i arealplanen til kommunen avsett til Landbruks-, natur-, frilufts- og reindriftsområde (LNFR-område). Kartleggingar av naturverdiane i området er gjennomførte som del av verneplanprosessen. I nokre tilfelle er eksisterande data brukte som utgangspunkt for vurdering av verneverdi. Bruksinteresser er klarlagde gjennom høyring av verneforslag og annan kontakt med partar saka vedkjem.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Statsforvaltaren meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har små negative konsekvensar. Samla sett vurderer Statsforvaltaren det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive på sikt. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaget vil også sikre viktige område for friluftsliv.

5.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Dei største kostnadene som følgje av etableringa av verneområdet vil vere utgifter til forvaltning og skjøtselstiltak for å halde oppe verneverdiane. Statsforvaltaren vurderer at det ikkje er behov for aktiv skjøtsel innanfor utvidingsområdet på noverande tidspunkt. I tillegg vurderer ein ikkje at det er behov for å restaurere natur innanfor området.

5.3 Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverknaden og bidraget skognæringa hadde til det grøne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Området som blir omfatta av denne verneplanen er tilboden for frivillig vern av grunneigar før 1. februar 2022. Området blir difor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet.

5.4 Forvaltningsmynde

Statsforvaltaren har i samband med høyringa fått innspel frå Hjartdal kommune, som fram til nå har hatt forvaltningsmynde for Kleppefjell naturreservat, ikkje ønskjer å ha forvaltningsmynde for utvidinga. Grunngevinga er at det krev ekstra ressursar som må takast over eige budsjett.

Med den grunngivinga kommunen oppgir oppfyller ikkje kommunen dei krava ein set til å få forvaltningsmynde for verneområde. Statsforvaltaren viser mellom anna her til følgjande krav:

- Verneområdet ligg i sin heilheit innanfor kommunen sine grenser.
- Kommunen har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å forvalte området.
- Dersom kommunar som ikkje tidlegare har hatt forvaltningsmynde for verneområde ønskjer å bli forvaltningsmynde må dei takke ja til alle verneområde i sin kommune. Kommunen får ikkje forvaltningsmynde for Ramsarområde eller område som forvaltast av nasjonalpark-/verneområdestyrer.
- Ansvar for forvaltningsmynde inneber at kommunen sjølv må sette av naudsynte ressursar til administrasjon og sakshandsaming.
- Kommunen kan søke om økonomiske midlar til skjøtsel og andre forvaltningstiltak for å take vare på naturverdiane i verneområda, innanfor dei rammer som kvart år blir fastsett av Stortinget.

6. SKILDRING AV KLEPPEFJELL OG VENELINUTEN NATURRESERVAT MED MERKNADER

1. Kleppefjell og Venelinuten, Hjørdal kommune

Totalareal: 21 388 dekar (utvidingsareal).

Skogareal totalt 17648 dekar.

Produktiv skog 17245 dekar.

Skogdata er levert frå AT Skog, basert på UTM sone 33.

Verneforslaget omfattar to delområde som grensar inntil eksisterande Kleppefjell naturreservat. Det føreligg et eige faktaark for kvar av delområda som ligg nord (Kleppefjell NR (utv.)) og vest (Kleppefjell NR (utv.) 2) for reservatet. Området Kleppefjell NR (utv.) 2 er tidlegare kartlagd i sin heilheit i samband med kalkskogprosjektet i 2015 kor det vart gjennomført naturfaglege registreringar av naturtypar i området Kleppefjell-Runningsfjell (Reiso 2016). Området vart vurdert å ha nasjonal verneverdi (verdi 5).

Under gjev vi att utdrag frå rapportane (Kleppefjell NR (utv.)) og (Kleppefjell NR (utv.) 2). Vi har funnet det mest tjenleg å gjengi resultata frå kartleggingane kvar for seg. Vi gjengir utdrag av resultatet frå Kleppefjell NR utv. (det største tilbodsområdet) først.

Faktaarket for tilbodsområdet Kleppefjell NR (utv.) og Kleppefjell NR (utv.) 2 er skrive på bokmål frå kartleggarane sin side, og vi har ikkje endra dette til nynorsk.

Verneformål

I høyringa foreslo Statsforvaltaren følgjande formål for Kleppefjell og Venelinuten:

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit storområde som har særskilt betydning for biologisk mangfold på grunn av lågurt- og kalkfuruskog, samt kalkgranskog og innslag av varmekjær lauvskog. Området har biologisk gamal skog med til dels mykje keloelementer, brannstubbar og daug ved, samt sjeldne og truga artar av karplanter, sopp og lav.

I samband med tilrådinga er formålet no tilpassa den siste forskriftsmalen for skogvernområde. Endringa framkommer av kapittel 3.3.

1.1 Kleppefjell NR (utv.), Hjartdal kommune

Verneverdier:

Området har relativt variert topografi med flere bratte skogdekte lisider med forskjellig eksponering, små bekkekløfter, myrflater og myrlendt skog og snaufjell. Området ligger i svakt oseanisk seksjon. Det meste av området ligger i sørboreal (50%) og mellomboreal (40%) sone med en andel i sør i boreonemoral sone (5%) og en andel i høyereliggende områder i nord i nordboreal sone (5%).

Området domineres av lav bonitet og impediment, men det finnes også mindre arealer med middels og høy bonitet. I lavereliggende områder i sørøstre del av området er vegetasjonen variert og omfatter fattig vegetasjon av type blåbær-, bærlyng- og lyngvegetasjon, men det forekommer også betydelige arealer i lisidene med rikere typer som svak lågurt- og lågurtvegetasjon, stedvis høgstaudevegetasjon i sigepåvirkede partier. I tillegg forekommer små arealer med svært baserik lågurtvegetasjon. I tresjiktet dominerer furu i tørkeutsatte arealer og gran i friske arealer. I tillegg forekommer boreale løvtrær som osp, bjørk og i mindre grad rogn, samt noe edelløv med spisslønn og hassel. Stedvis er det mye einer i busksjiktet. Variasjonen i vegetasjon avtar i de høyereliggende, nordvestre delene av avgrenset areal, men det forekommer bl.a. små bekkekløfter og sigepåvirkede arealer med småskalavariasjon også her. Større sammenhengende arealer med mer eller mindre homogen fattig vegetasjon dominerer, og flatene domineres i hovedsak av bærlyng- og lyngvegetasjon i mosaikk med fattige myr- og myrskogmarker, mens lisider og forseknninger domineres av blåbærskog. Furu dominerer på flater og koller og gran i nordvendte lisider og forseknninger. I tillegg forekommer en del bjørk, noe rogn og osp. I de høyestliggende arealene dominerer lyng- og lavskog, og åpen grunnlendt lyngmark.

Gammel skog dominerer i det meste av verneforslaget. I lavereliggende områder dominerer gammel skog, men skogen er i varierende grad preget av historisk utnyttelse med eksempelvis plukkhogst og beite. Kontinuiteten mht. død ved er varierende, men det er på det jevne relativt bred spredning i nedbrytningsfaser av gran. I høyereliggende områder dominerer gammel glissen furuskog på flatene. Denne skogen bærer preg av historisk utnyttelse i form av plukkhogst, men det er allikevel relativt tett mellom forekomster med død ved av furu og keloelementer. Brannstubber forekommer spredt. I tillegg er det en god del furutrær med svært høy alder i området. Samlet sett er området svært lite preget av inngrep i nyere tid. Andelen påviste rødlistearter med krav til kontinuitet i skog, og antall funn/tetthet av visse arter vitner om et område med forholdsvis stor tetthet av kontinuitetsbærende elementer.

Det ble avgrenset 14 kjerneområder innenfor avgrenset areal. Av disse er to lokaliteter vurdert som svært viktige (A-verdi), 11 som viktige (B-verdi) og en lokalitet som lokalt viktig (C-verdi). De rødlistede naturtypene kalk- og lågurtfuruskog (VU) og kalkgranskog (VU) forekommer i lavereliggende områder.

Totalt 23 rødlistede arter (1 EN, 7 VU, 15 NT) ble påvist i løpet av feltundersøkelsen. Av rødlistede ansvarsarter finnes *prikkporekjuke* og *gul snyltekjuke*. Vi har hentet ut en oppdatert oversikt fra Artskart for Kleppefjell NR (utv.), og der fremkommer det at det er 27 registrerte rødlistearter (20 NT, 5 VU, 2 EN), jf. tabell under.

Området Kleppefjell NR (utv.) vurderes isolert sett å være i nedre sjiktet av nasjonalt verneverdig (***). Området berikes betydelig av lavereliggende områder i sørøst med rike skogtyper og varmekjær vegetasjon. Sett i sammenheng med eksisterende verneområde Kleppefjell NR og Kleppefjell NR (utv.) 2 vurderes totalarealet å være nasjonalt verneverdig.

Området Kleppefjell NR (utv.) oppnår høy mangeloppfyllelse på mangelnaturtyper som følge av over 1000 daa gammel furuskog som har stort udekket vernebehov i fylket. I tillegg forekommer over 20 daa kalkbarskog hvorav både kalkfuru- og kalkgranskog har middels udekket vernebehov i fylket. Området oppnår høy mangeloppfyllelse på generelle mangler som følge av over 1000 daa biologisk gammel skog. Kleppefjell NR (utv.) oppnår samlet høy mangeloppfyllelse.

Tabell 1: Viser oversikt over raudlista artar (sopp, lav, mosar, karplantar og fugl) innanfor tilbodsområdet Kleppefjell NR (utv.). Henta frå Artskart 14.2.25. Vi har prioritert å vise dei nyaste funna.

Norsk navn	Vitenskapelig navn	Kategori	Artsgruppe	Funndato
gubbeskjegg	<i>Alectoria sarmentosa</i>	Nær truet (NT)	Lav	20.09.2019
gul snyltekjuke	<i>Antrodiella citrinella</i>	Nær truet (NT)	Sopper	18.09.2019
sprikeskjegg	<i>Bryoria nadvornikiana</i>	Nær truet (NT)	Lav	20.09.2019
grønnsko	<i>Buxbaumia viridis</i>	Nær truet (NT)	Moser	18.09.2019
blanknål	<i>Calicium denigratum</i>	Nær truet (NT)	Lav	20.09.2019
gjerdesotbeger	<i>Calicium tigillare</i>	Nær truet (NT)	Lav	19.09.2019
fagerkjuke	<i>Ceriporia excelsa</i>	Nær truet (NT)	Sopper	20.09.2019
sukkernål	<i>Chaenotheca subroscida</i>	Nær truet (NT)	Lav	19.09.2019
tyrinål	<i>Chaenothecopsis fennica</i>	Nær truet (NT)	Lav	20.09.2019
rosenkjuke	<i>Fomitopsis rosea</i>	Nær truet (NT)	Sopper	20.09.2019
flekkgrisøre	<i>Hypochaeris maculata</i>	Nær truet (NT)	Karplanter	17.09.2019
ulvelav	<i>Letharia vulpina</i>	Nær truet (NT)	Lav	20.09.2019
rotnål	<i>Microcalicium ahlneri</i>	Nær truet (NT)	Lav	20.09.2019
svartsonekjuke	<i>Phellinus nigrolimitatus</i>	Nær truet (NT)	Sopper	20.09.2019
furustokkjuke	<i>Phellinus pini</i>	Nær truet (NT)	Sopper	19.09.2019
rynkeskinn	<i>Phlebia centrifuga</i>	Nær truet (NT)	Sopper	19.09.2019
tretåspett	<i>Picoides tridactylus</i>	Nær truet (NT)	Fugler	19.09.2019
furuvintergrønn	<i>Pyrola chlorantha</i>	Nær truet (NT)	Karplanter	26.08.2017
krattsoleie	<i>Ranunculus polyanthemus</i>	Nær truet (NT)	Karplanter	17.09.2019
lind	<i>Tilia cordata</i>	Nær truet (NT)	Karplanter	20.09.2019
prikkporekjuke	<i>Skeletocutis jelicii</i>	Sterkt truet (EN)	Sopper	18.09.2019
alm	<i>Ulmus glabra</i>	Sterkt truet (EN)	Karplanter	20.09.2019
trollsotbeger	<i>Acolium karelicum</i>	Sårbar (VU)	Lav	18.09.2019
lys brannstubbela	<i>Carbonicola anthracophila</i>	Sårbar (VU)	Lav	20.09.2019
mørk brannstubbela	<i>Carbonicola myrmecina</i>	Sårbar (VU)	Lav	18.09.2019
rosa tussela	<i>Schismatomma pericleum</i>	Sårbar (VU)	Lav	17.09.2019
barlind	<i>Taxus baccata</i>	Sårbar (VU)	Karplanter	17.09.2019

1.2 Kleppefjell NR (utv.) 2, Hjartdal kommune

Verneverdier:

Lokaliteten omfatter sør-vestvendte lisider på vestsiden av Kleppefjell naturreservat. Området ligger i sørboreal sone i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon.

Liene på begge sider av Kleppefjell NR er preget av stor andel av rike vegetasjonstyper. Rike typer finnes først og fremst langs søkk og forsenkninger i terrenget der vegetasjonen er påvirket av rikt sigevann. Bærlýng-kalklågurtskog dominerer på de rikeste partiene, med overganger mot litt tørkeutsatt høgstaudekog på friske areal og mot rik berglendt mark med overganger mot åpen grunnlendt kalkmark (åpen grunnlendt svakt kalkrik/kalkrik lyng/lavmark) på åpne bergsua og på grunne areal i lysåpen skog. Feltsjiktet har en mosaikk av lyng, gras og urter, der en rekke varme- og basekrevende arter inngår. På konvekse partier og i øvre deler av liene dominerer fattigere lyngfurskog og svak lågurtvegetasjon med raske overganger mot rikere typer. Furu dominerer tresjiktet som helhet, spesielt grunne areal i lisidene. I furuskogen er det varierende innslag av borealt løv, edelløvtrær (hassel, alm, ask, lind, barling og lønn, samt noe eik) og gran. Mer grandominerte blandingsskoger finnes langs enkelte søkk, gjerne på areal med mer løsmasser i bunn av liene, men er av lite omfang.

Eldre skog dominerer undersøkt areal. Spesielt er furuskogen i partier gammel, der aldersfase dominerer. En betydelig andel av furutrærne er tydelig gamle med stagnert vekst og flat krone. Død ved finnes i liten grad, mest som spredte ferske vindfall av gran, furu og borealt løv. Av andre viktige nøkkelelementer kan flere gamle og grove søyleeiner nevnes.

Det er to kjerneområder innenfor avgrenset areal. Begge disse er vurdert som svært viktige (A-verdi). Av rødlistede naturtyper er lågurt-lyngfurskog vanlig, samt det finnes betydelig areal med lågurt-kalkfurskog som begge omfattes av kalk- og lågurtfurskog (VU). Det er også flekkvis innslag av åpen grunnlendt kalkrik mark i boreonemoral sone (EN).

Kleppefjell NR (utv.) 2 fremviser areal med eldre skog, rike skogtyper og urterike berg, inkludert sesongfuktig kalkskog. Sett i sammenheng med eksisterende reservat utgjør utvidelsen et stort og vel arrondert areal av betydning i regional og nasjonal målestokk. Kleppefjellområdet er sammen med de sørvendte liene langs Bandak og Dalen i Tokke de mest kalkrike vi har på grunnfjellet i Telemark. Kombinasjonen av kalkrikdommen og et gunstig lokalklima gjør de også til spesielt artsrike, spesielt på varme- og kalkkrevende karplanter, insekter og trolig også til en viss grad for sopp.

Området karakteriseres først og fremst av en svært rik karplanteflora, med en rekke base- og varmekrevende arter. Totalt ble det registrert 9 rødlistede arter (4 VU, 5 NT) under kartleggingen. Vi har hentet ut en oppdatert oversikt fra Artskart for Kleppefjell NR (utv.) 2, og der fremkommer det at det er 11 registrerte rødlistearter (7 NT, 2 VU, 2 EN), jf. tabell under.

Området Kleppefjell NR (utv.) 2 vurderes å være regionalt verneverdig (**) isolert sett. Sett i sammenheng med eksisterende verneområde Kleppefjell NR og Kleppefjell NR (utv.) vurderes imidlertid totalarealet å være nasjonalt verneverdig.

Området Kleppefjell NR (utv.) 2 oppnår høy mangeloppfyllelse på mangelnaturtyper som følge over 400 daa kalkbarskog som har middels udekket vernebehov i fylket. Lokaliteten oppnår høy

mangeloppfyllelse på generelle mangler som følge av over 250 daa lavlandsskog og over 250 daa høybonitetsskog i sørboreal vegetasjonssone. Lokaliteten oppnår samlet høy mangeloppfyllelse.

Tabell 2: Viser oversikt over raudlista artar (sopp og karplantar) innanfor tilbodsområdet Kleppefjell NR (utv.) 2. Henta frå Artskart 14.2.25. Vi har prioritert å vise dei nyaste funna.

Norsk navn	Vitenskapelig navn	Kategori	Artsgruppe	Funndato
apollosommerfugl	<i>Parnassius apollo</i>	Nær truet (NT)	Sommerfugler	23.07.2017
flekkgrisøre	<i>Hypochaeris maculata</i>	Nær truet (NT)	Karplanter	03.07.1986
furuvintergrønn	<i>Pyrola chlorantha</i>	Nær truet (NT)	Karplanter	30.06.2013
lind	<i>Tilia cordata</i>	Nær truet (NT)	Karplanter	03.07.1986
rosenkjuke	<i>Fomitopsis rosea</i>	Nær truet (NT)	Sopper	12.08.2015
stjernetistel	<i>Carlina vulgaris</i>	Nær truet (NT)	Karplanter	21.08.2015
storstjernetistel	<i>Carlina vulgaris subsp. longifolia</i>	Nær truet (NT)	Karplanter	13.09.1986
alm	<i>Ulmus glabra</i>	Sterkt truet (EN)	Karplanter	21.08.2015
ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	Sterkt truet (EN)	Karplanter	21.08.2015
barlind	<i>Taxus baccata</i>	Sårbar (VU)	Karplanter	12.08.2015
søstermarihand	<i>Dactylorhiza sambucina</i>	Sårbar (VU)	Karplanter	30.06.2013

Inngrepsstatus og andre interesser:

Det er stiar innanfor området. Det går og ein traktorveg gjennom området, men vegen er teke ut av verneforslaget. For meir informasjon sjå kapittel 1.3.

Direktoratet for mineralforvaltning har gitt undersøkingsrett for bly, gull, kopar og sølv innanfor området. For meir informasjon sjå kapittel 1.3 og under merknader i kapittel 6.

Det finst ikkje kraftleidningar innanfor området, men det ligg kraftliner utanfor i sørvest, søraust og aust for området. Sauland Kraftverk har planlagt ein kraftverksstunell under verneområdet og i samband med det ei svingesjakt. Svingesjakta kan bli liggjande innanfor området. For meir informasjon sjå kapittel 1.3 og under merknader i kapittel 6.

Samandrag av høyringsfråsegnene:

Verneplanen ble sendt til følgjande mottakarar: grunneigarar, Hjartdal kommune, Telemark fylkeskommune, Naturvernforbundet i Midt-Telemark, Naturvernforbundet i Vest-Telemark, Notodden og Hjartdal Turlag, Notodden orienteringslag, Forum for Natur og friluftsliv i Telemark, Naturvernforbundet i Telemark, Norges Jeger- og fiskerforbund avd. Telemark, Birdlife Norge avdeling Telemark, DNT Telemark, Vestfold og Telemark orienteringskrets, Skagerak Energi AS, Skagerak Kraft AS, Vest-Telemark kraftlag AS, Øst-Telemarkens brukseierforening, Arendals Vasdrags brukseierforening, LEDE AS, Telemark bodne og småbrukarlag, bondelagets servicekontor avd Telemark bondelag, Telemark botaniske forening, Aust Telemark sau og geit, Telemark sau og geit, Avinor AS, Bane Nor SF, Direktoratet for mineralforvaltning med bergmesteren for Svalbard, Forsvarsbygg, Friluftsrådenes Landsforbund, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og ungdom, Norges naturvernforbund, NHO reiseliv, Norges bondelag, Norges handikapforbund, Norges idrettsforbund og Olympiske og Paralympiske komité, Norges Jeger- og fiskerforbund, Norges luftsportsforbund, Norges Miljø og Biovitenskapelige universitet, Norges miljøvernforbund, Norges orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norges biologforening, Norsk bonde- og

småbrukarlag, Norsk botanisk forening c/o Naturhistorisk museum, Norsk friluftsliv, Nibio – Norsk institutt for bioøkonomi, Stiftelsen Norsk institutt for naturforskning NINA, Norsk organisasjon for terrengsykling, Norsk orkideforening, Birdlife Norge, Norsk sau og geit, Norsk zoologisk forening, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet NTNU, SABIMA, Statens kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Språkrådet, Statens vegvesen Vegdirektoratet, Stiftelsen WWF Verdens naturfond, Notodden Energi AS, Sauland kraftverk AS, Telemark Energi AS, Everket AS.

Det kom inn 13 høyringsuttaler til verneforslaget.

Statkraft har ikkje kome med uttale til høyringa. Dei kom med uttale til oppstartsmeldinga, men ikkje til utviding av Kleppefjell og Venelinuten.

Landbruksdirektoratet kom ikkje med uttale til høyring, men kom med uttale til oppstartsmeldinga. Dei ga nokre generelle innspel som omhandla traktorveggar og ferdselsveggar, og merking og rydding av slike, stølar/seterområde, beiting og reindrift. Landbruksdirektoratet skrev vidare at dei gjekk ut frå at Statsforvaltarens landbruks- og reindriftsfaglege kompetanse blei involvert i utforming av forskrift og verneplan.

Norsk Orientering viser til sitt brev til Miljødirektoratet om forslag til endringar i forskriftsmal for naturreservat. Det handlar om konkrete innspel til Miljødirektoratet sin forskriftsmal for verneforskrift. I tråd med brevetts endringar i forskriftsmalen punkt 1 og 2, ber dei om at det blir gitt løyve til orientering i verneområda.

Statnett og BaneNor SF har gitt uttale, men har ikkje hatt merknader til verneforslaget.

Språkrådet skriv i sin uttale at dei finn det tilrådeleg at namna Kleppefjell og Venelinuten blir lagde til grunn for områdenamnet.

Grunneigar Anita Skårdal Brenna på gnr./bnr. 64/1 seier at ho har ei hytte/jaktbu som ligg innanfor området, nordvest for Trytetjønnefjellet (Rådalsløken). Ho ønskjer å skilja ut eit areal på 3 daa.

Hjartdal kommune handsama saka om høyring i Utval for plan og utvikling 20. mars 2024. Kommunen har ikkje merknader til høyringa av verneplanen for Kleppefjell og Venelinuten naturreservat. Administrasjonen i Hjartdal kommune utarbeida eit dokument til utvalsmøtet der dei mellom anna forutset at kommunen sine interesser i Sauland Kraftverk AS blir ivareteke gjennom Skagerak Kraft AS. Vidare seier kommunedirektøren i sin innstilling til utvalet at Hjartdal kommune har forvaltningsstyresmakt på Kleppefjell naturreservat slik det føreligg før utviding. Kommunedirektøren ser det ikkje som viktig å ha forvaltningsstyresmakt i eit utvida område. Det krev ekstra ressursar som må takast over eget budsjett. Samtidig må kommunen forholde seg til same lovverk og verneforskrift som andre forvaltningsmyndigheitar må, til dømes naturmangfaldlova.

Direktoratet for mineralforvaltning skriv at dei ga fråsegn utan merknadar til oppstart av verneplanprosessen 20. desember 2021. DMF har i ettertid gjeve undersøkingsrett til Teako Minerals Norway AS 14. februar 2024 innafør utvidingsområdet. Det skal undersøkast for bly, gull, kopar og sølv. Det bør gjerast ei vurdering av korleis vernet påverkar moglegheita for undersøkingar etter mineralressursar, og om ein kan sette vilkår som sikrar at undersøkingar kan fortsette. DMF ber om

at rettshavar blir orientert om verneprosessen og får moglegheit til å gje fråsegn. Rettshavar står på kopi av dette brevet.

Lede AS skriv i sin uttale at dei etter energiloven har områdekonsesjon i Hjartdal kommune. Dette inneber at dei etablerer og driftar straumnettet i kommunen (høgspenst og lågspenst fordelingsnett). I tillegg har Lede anlegg som er etablert etter anleggskonsesjon innanfor kommunen. Dei skriv at nettselskapet har elektriske anlegg nær ved og innanfor verneområdet, og det er viktig å sikre at det kan utførast naudsynt drift, vedlikehald og fornying av desse anlegga.

Lede skriv vidare at det nord for Kleppan og Gamle Tuddalsveg i dag ligg ein radiomast. Denne radiomasta blir forsynt av lågspenstnettet i kommunen som eigast og driftast av Lede. Lågspenstnettet, som i hovudsak består av lågspenst luftnett, vil bli liggande innanfor verneområdet. Vidare føres det i dette området to høgspenstliner på regionalnettnivå som driftast på 132 kV. For desse leidningane gjeld det eit klausulert byggeforbods- og ryddebelte på til saman 41,8 meter, som kan målast 20,9 meter ut til kvar side frå senterlina i mastearrangementet. Dei skriv vidare at kart som ligg vedlagt høyringsbrevet av 22.02.2024 er det vanskeleg å sjå om regionalnettlina vil bli liggande innanfor verneområdet. Det er difor sett på tidlegare utsendte kart knytt til vern av Kleppefjell av oktober 2017 og februar 2018. I desse karta ser det ut til at linene i seg sjølv vil bli liggande utanfor verneområdet, men det er uklart om det klausulerte byggeforbods- og ryddebeltet vil bli liggande utanfor.

Vidare skriv Lede at det er etablert ein høgspenst luftleidning som går langs Skårdalsvegen. I kart som ligg vedlagt høyringsbrevet av 22.02.2024 ser det ut til at verneområdet ligg nær denne leidningen, og da spesielt på søraustsida av Brekkun. Høgspenst luftleidningar på distribusjonsnettnivå har normalt eit byggeforbodsbelte som gjeld 6 meter målt vinkelrett og horisontalt ut til kvar side frå dei ytre spenningsførande faselinene. Det ser det ut til at linene i seg sjølv vil bli liggande utanfor verneområdet, men det er uklart om det klausulerte byggeforbods- og ryddebeltet vil bli liggande utanfor.

Lede informerer og om at det er etablert ein høgspenst luftleidning som går langs Tuddalsvegen. I kart som ligg vedlagt høyringsbrevet av 22.02.2024 ser det ut til at verneområdet har god avstand til denne veggen, med unntak ved Raundalskleiva. I dette området ligg Lede sin høgspenst luftleidning på austsida av Tuddalsvegen. Det ser det ut til at linene, med tilhøyrande klausulert byggeforbods- og ryddebelte, i sin heilheit vil bli liggande utanfor verneområdet.

Lede AS viser til NVE sin uttale til oppstartsmeldinga i brev av 16. mars 2022. Der viser dei til at NVE sa følgjande:

“NVE ber nettselskapene vurdere om de trenger standardbestemmelser som sikrer drift og vedlikehold, inkludert sikringshogst med tilhørende motorferdsel. NVE ber også nettselskapene å vurdere bestemmelsene under for oppgradering og fornyelse. Selv om disse er en del av standardbestemmelsene blir ikke de inkludert hvis nettanlegg ligger utenfor verneområdet med mindre nettselskapene uttaler om de har behov for disse:

• § 4 Generelle unntak fra vernebestemmelsene:

- «Oppgradering eller fornyelse av eksisterende kraftledning for heving av spenningsnivået og økning av linetverrsnittet når tiltaket ikke skader verneverdiene angitt i verneformålet nevneverdig.»

• § 7 Spesifiserte dispensasjonsbestemmelser:

- «Oppgradering og fornyelse av kraftledninger som ikke faller inn under § 4.»

Til dette kommenterer Lede AS at dei ønskjer at desse standardføresegnene blir inkludert i verneforskrifta da det eksisterer nettanlegg innanfor verneområdet, og for å sikre at eventuelle klausulerte byggeforbods- og ryddebelter oppretthaldast innanfor verneområdet.

Lede As understrekar at kartvedlegg i høyringsbrev av 22.02.2024 er vanskeleg å tolke da områdeavgrensing, kommunegrenser, eigedomsgrenser og vegar alle er markert med raud farge. Det er dermed vanskeleg å sjå den aktuelle områdeavgrensinga. I vedlegg 1 finnes det eit oversiktskart som viser eksisterande nett i nærleiken av det foreslåtte verneområdet. Det ser ut til at eksisterande nett kommer i konflikt med verneområdet ved radiomasta nord for Kleppan. Vidare ser det ut til at gjeldande klausulerte byggeforbods- og ryddebelte kan kome i konflikt med verneområdet ved fleire lokasjonar. Lede skal alltid ha tilgang til eksisterande nett, dette for å gjennomføre hogst i ryddebeltet, sikringshogst, planlagde drift- og vedlikehaldsoppgåver, samt gjennomføre arbeider på nettet ved uventa hendingar. I verneplanens føresegner må det difor sikrast rett til drift, vedlikehald og fornying av eksisterande energi- og nettanlegg. Dette gjeld og naudsynt bruk av motorkøyrerøy for å utføre disse oppgåvene. Dersom det er etablert luftleidningar innanfor verneområdet, må det og kunne utførast naudsynt skogrydding for sikker drift av luftleidningen. Alle slike arbeider må kunne utførast utan at det må søkast dispensasjon frå verneføresegnene.

Forsvarsbygg seier at dei registrerer at dei generelle unntaka frå ferdselsreglane inkluderer omsynet til militær operativ verksemd og landing og start med Forsvaret sine luftfartøy. Vi har ingen ytterlegare merknader til verneframlegget.

Skagerak Energi AS uttaler følgjande på vegne av Skagerak Kraft AS i brev dagsett 22.04.2024:

Skagerak Kraft har flere interesser i området hvor det planlegges for utvidelse av naturreservatet og har deltatt ved utarbeidelse av underlaget for deres uttalelser i saken.

I forbindelse med Høyring av verneplan for skog har Skagerak Kraft AS følgende merknader til Forslag om forskrift om vern av Kleppefjell og Venelinuten naturreservat i Hjartdal kommune i Telemark fylke:

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane) pkt. I: Vedlikehald og tilsyn av svingesjakt som del av energi- og kraftanlegg tilhøyrande Skagerak Energi AS.

Korreksjon: § 4. (generelle unntak frå vernereglane) pkt. I: Vedlikehald og tilsyn av svingesjakt som del av energi- og kraftanlegg tilhøyrande Sauland Kraftverk AS.

Det vil bli noen mindre arbeider i forbindelse med etablering av svingesjakt. Selv om sjakten vil drives fra innsiden av fjellet og ut i dagen, vil det være behov for en liten konstruksjon akkurat rundt åpningen til luftesjakten. Det vil også være behov for å etablere en områdesikring og støttemur rundt sjakten for å hindre adkomst for dyr og mennesker, samt sikre mot ras. Det er snakk om en mindre konstruksjon.

Utover dette har ikke Skagerak Kraft ytterligere merknader til verneplanen.

Skagerak Energi AS sendte og eit brev til Statsforvaltaren på vegne av Skagerak Kraft AS dagsett 31.10.2024:

«Skagerak Kraft har flere ganger tidligere uttalt oss om og vært i dialog med Statforvalteren om utvidelse av verneområdet i Kleppefjell. Dette har vært en konstruktiv og god dialog hvor begge parter har funnet gode løsninger.

En realisering av Sauland kraftverk er utsatt i tid, og en investeringsbeslutning og bygging, vil neppe skje før et vernevedtak. Vi konstaterer at vernebestemmelsene forutsetter at kraftverket og svingesjakt er etablert før vernevedtak foreligger. Bestemmelsene må derfor justeres noe for å ta høyde for at kraftverket og svingesjakten etableres etter vernevedtaket. Det gjelder §4 bokstav l. og §6 bokstav d. Vi foreslår følgende ny ordlyd (endringer vist med understreket tekst):

§4 bokstav l. Etablering og vedlikehold av svingesjakt som del av energi- og kraftanlegg tilhørende Skagerak Kraft AS.

§6 bokstav d. Naudsynt motorferdsel i samband med etablering og vedlikehold av svingesjakt som del av energi- og kraftanlegg tilhørende Skagerak Kraft AS. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsstyremakta.

Geografisk plassering av en fremtidig svingesjakt er ikke endelig bestemt. Ulike metoder for tunneldriving kan endre geografisk plasseringen noe. Slik vi leser forslaget til bestemmelser er ikke geografisk plassering av sjakten angitt nøyaktig. For å opprettholde den nødvendige fleksibiliteten er det dermed viktig at det heller ikke blir angitt noen slik plassering. Slik vi ser det vil ikke det hindre at utbygger og forvaltningsstyremakta, sammen med grunneier og sektormyndighet, har en dialog om plassering når det blir aktuelt.»

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) uttaler at dei har sett gjennom verneforslaget med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterande og planlagde energi- og nettanlegg, vasskraftverk, hydrologiske målestasjonar m.m.:

- Det er gitt konsesjon til Sauland kraftverk som eies av Skagerak Energi. Vi er positive til at statsforvalter har tett dialog med Skagerak Energi og at verneforslaget er justert for å ta hensyn til utbygging og drift av kraftverket. Vernegrensen er flyttet fra inntak ved Uppstigåi (Rådalsløken). Forskriften åpner for vedlikehold av svingsjakt og motorferdsel i forbindelse med vedlikeholdet. Skagerak Energi nevner potensielt behov for sikring av sjakten for person/vilt. NVE ber om å åpne for etablering av sikringstiltak og motorferdsel knyttet til det i forskriften. Vi forutsetter at Skagerak Energi vil uttale seg om disse tilpasninger er tilstrekkelig for deres formål.*

- Vi kan ikke se at områdekonsesjonærer Lede AS har uttalt seg i prosessen så langt. Lede AS har områdekonsesjon i området og de eier et 22 kV distribusjonsnett som ligger nært området i nord-østlig del og en 132 kV Hjartdøla – Rød linja sør for allerede vernet området. Verneforskriften har ingen bestemmelser som sikrer drift av nett med tilhørende motorferdsel i området. NVE ber Lede AS om å uttale seg om deres behov for eksisterende eller planlagte anlegg i dette området. Vi ber Lede AS uttale seg, selv i tilfeller uten konflikt.*

Lede AS har i brev dagsett 25. april 2024 kome med uttale etter at NVE oppfordra dei om det. Lede viser i samband med dette til sin nylige uttale der dei seier at dei har kommentert nettanlegga som ligger nær ved og i det foreslåtte verneområdet. Utover det kommenterer dei planlagde anlegg nær ved verneområdet, herunder låg- og høgspentanlegg på distribusjonsnettnivå, som dei ikkje kan sjå

at er i konflikt med det foreslåtte verneområdet. Vidare kommenterer dei høgspontanlegg på regionalnettnivå, som omhandlar ein koplingsstasjon som er tenkt utanfor verneområdet.

Sauland Kraftverk AS har i brev dagsett 3. april 2025 søkt NVE om forlenging av frist for å starte arbeidet med utbygging av kraftverket. I notatet frå Norconsult som følger søknaden er det i figur 4 skissert en omtrentlig plassering av svingetunell. Den blir liggjande innanfor utvidingsområdet ved Skårdalsvegen. I det same notatet kjem det og fram at det er behov for ein anleggsveg (figur 11) til svingetunellen.

Statsforvaltarens kommentarar:

Til innspel frå Landbruksdirektoratet i sambands med oppstartsmeldinga i oktober 2021 vil Statsforvaltaren kommentere at vi ikkje kjenner til at det ligg støl/sæterområde innanfor verneforslaget, men at det er teke høgde for det og dei andre innspela i verneforskrifta.

Statsforvaltaren kommenterer ikkje innspelet frå Norsk Orientering då dette i utgangspunktet er oversendt Miljødirektoratet.

Statsforvaltaren har etterkome ønskje frå grunneigar Anita Skårdal Brenna på gnr./bnr. 64/1 om å ta ut eit areal på om lag 3 daa i tilknytning til ei hytte/jaktbu.

Når det gjeld innspelet frå Hjartdal kommune om deira interesser i Sauland Kraftverk så viser Statsforvaltaren til våre kommentarar til innspelet frå Skagerak Kraft AS.

Når det gjeld innspelet frå DMF så har Statsforvaltaren hatt ein dialog med Miljødirektoratet om saka der DMF har gjeve undersøkingsrett til Teako Minerals Norway AS 14. februar 2021 i vestre delar av utvidingsforslaget. Miljødirektoratet seier følgjande:

«Etter foretatt kunngjøring av påtenkt verneforslag etter nml § 42 kan tillatelser til tiltak bare gis dersom tiltaket er uten nevneverdig betydning for forslaget, se nml § 44 første ledd, andre punktum. Vedtak om undersøkelsesrett etter foretatt kunngjøring av vernet må følge nml § 44.»

I eit tilfelle som dette må ein vurdere om undersøkingsrett kan få nemneverdig betydning for verneforslaget. Statsforvaltaren viser til at det innafor det aktuelle området er registrert ein naturtype med B-verdi (viktig). Naturtypa består av gammal granskog. I tillegg er det funn av åtte nær trua artar og ein sårbar art, alle innanfor artsgruppene sopp og lav. Statsforvaltaren er av den oppfatning at undersøkingar innanfor verneforslaget vil kunne påverke eller skade verneverdiane.

Sidan kunngjering om oppstart av verneprosess etter naturmangfoldloven § 42 for området vart meldt 29. oktober 2021 inneber dette at løyve frå DMF blei gitt meir enn to år etter kunngjeringa. Statsforvaltaren blei ikkje kontakta i samband med at DMF ga løyve til undersøkingsrett, jf. naturmangfoldloven § 44. Statsforvaltaren blei fyrst kjend med at DMF hadde gitt løyve til Teako Minerals Norway AS under høyringa våren 2024.

Når det gjeld innspelet frå Lede AS om høgspenningslinjer på 132 kV så har Statsforvaltaren målt avstanden frå linene i forhold til eksisterande vernegrense og funne at denne er om lag 16,5 meter. Ein understrekar at denne målinga er gjort på digitalt kartgrunnlag, og det kan difor vere noko avvik. Lede viser til at byggeforbods- og ryddesona strekker seg 20,9 meter ut til kvar side av kraftlinene. Det inneber at byggeforbods- og ryddesona kjem om lag 4,5 meter innanfor den gamle vernegrensa. Kvifor denne byggeforbods- og ryddesona har kome innanfor vernegrensa er ukjent for

Statsforvaltaren. Kleppefjell naturreservat ble vernet i 07. desember 2018 og i så fall burde det blitt tatt omsyn til denne sona når ein vedtok vernegrensene. Statsforvaltaren ser det som mindre aktuelt å starte ein prosess med å endre vernegrensa for å unngå at byggeforbods- og ryddesona ligg innanfor vernegrensa. Difor inneber dette at ein tek inn føresegner i forskrifta som tar omsyn til Lede sine behov. Det gjeld § 4 bokstav h og i, § 6 bokstav d og § 7 bokstav j. Statsforvaltaren vurderer det slik fordi ryddebeltet til 132 kV ligg ca. 5 meter innanfor eksisterande vernegrense.

Når det gjeld 22 kV høgspent langs Skårdalsvegen som ligg lenger vest i tilknytning til nytt verneareal så har Statsforvaltaren målt avstand på digitalt kart frå kraftlina til den foreslegne vernegrensa. Målinga viser at avstanden er 30 meter. Statsforvaltaren vurderer at avstanden er så stor at det ikkje er nødvendig med tilpassingar i forskrifta.

Vidare skriv Lede at det er etablert ein høgspent luftleidning som går langs Skårdalsvegen. I kart som ligg vedlagt høyringsbrevet av 22.02.2024 ser det ut til at verneområdet ligg nær denne leidningen, og da spesielt på søraustsida av Brekkun. Høgspente luftleidningar på distribusjonsnettnivå har normalt eit byggeforbodsbelte som gjeld 6 meter målt vinkelrett og horisontalt ut til kvar side frå dei ytre spenningsførande faselinene. Det ser det ut til at linen i seg sjølv vil bli liggande utanfor verneområdet, men det er uklart om det klausulerte byggeforbods- og ryddebeltet vil bli liggande utanfor.

I sitt innspel i brev dagsett 31. oktober 2024 seier Skagerak Kraft AS at ein realisering av Sauland Kraftverk er utsatt i tid, og ein investeringsbeslutning og bygging vil neppe skje før eit vernevedtak. I det same brevet seier dei og at geografisk plassering av ei framtidig svingesjakt ikkje er endeleg bestemt. Skagerak Kraft AS hadde innspel om følgjande endring for §§ 4 og 6:

«§ 4 bokstav l. Etablering og vedlikehald av svingesjakt som del av energi og kraftanlegg tilhøyrande Skagerak Kraft AS.

§ 6 bokstav d. Naudsynt motorferdsel i samband med etablering og vedlikehald av svingesjakt som del av energi- og kraftanlegg tilhøyrande Skagerak Kraft AS: Ved bruk av motorisert transport skal det i ettertid sendast melding til forvaltningsstyremakta.»

Statsforvaltaren har i samband med planane om Sauland Kraftverk hatt ein dialog med Miljødirektoratet om kva ein kan ta inn av føresegner i verneforskrifta for verneområdet. Dette er planar som ikkje vil bli realisert med det fyrste, og truleg ikkje før etter vernevedtak. Difor meiner Miljødirektoratet at ein ikkje kan ta inn heimel i forskrifta for verken svingesjakta eller naudsynt motorferdsel på noverande tidspunkt. Alternativet for desse tiltaka blir dermed at tiltakshavar må søke om dispensasjon etter nml. § 48 når tiltaket er aktuelt å realisere etter vernevedtaket.

Statsforvaltaren har i samband med etablering av svingesjakta vurdert om den kan kome i konflikt med verneverdiar. I kartlegginga som fant sted hausten 2019, og rapportert i 2020, kjem det fram at der svingesjakta var foreslege plassert ligg det ein naturtype med A-verdi (svært viktig). Denne naturtypen omfattar gammal høgareliggjande furuskog med ein del død ved, samt keloelement spreidd i lokaliteten, og ein del førekomstar av gamle levande individ av furu. Gammal furuskog har stort udekket vernebehov i Telemark og vil dermed dekke viktige manglar i skogvernet.

Når det gjeld søknaden frå Sauland Kraftverk AS til NVE og tilhøyrande notat frå Norconsult tyder det på at planane til kraftverket er noko endra i forhold til tidlegare innspel. Det har med

svingesjakt/svingetunell å gjere. Plasseringa av svingesjakt i notatet til Norconsult ligg godt innanfor foreslått verneområde og ein naturtype med A-verdi (Naturbase ID: BN00117545 – Runningsfjell). Det same gjeld ein anleggsveg som og er omtala i notatet til Norconsult. Denne vegen var ikkje ein del av dei opprinnelege planane. Vegen er tenkt ført fram til svingetunellen, men det er ikkje skissert nokon trase inn mot svingetunellen. Statsforvaltaren vil anta at denne anleggsvegen vil ha sitt utgangspunkt frå Skårdalsvegen. Her er det bratt terreng og eit inngrep her vil bli godt synleg, dessutan vil det få negative konsekvensar for foreslått verneareal og vernekvalitetar. Statsforvaltaren vurderer at det er lite tilrådeleg å innlemme eit inngrep av denne typen innanfor eit framtidig verneområde. Ein kan ta ut eit areal som berre omfattar anleggsvegen og punktet der svingetunellen er skissert, eller ein kan ta ut eit noko større areal av tilbodsarealet slik det ligg føre på noverande tidspunkt. Det er vanskeleg å ta endeleg stilling til kva ein bør gjere med omsyn til uttak av areal når dette berre føreligg som planar. For å bevare mest mogleg av den registrerte kalkfurskogen vil det utan tvil vere mest gunstig å ta ut så lite areal av verneforslaget som mogleg.

Navn

Statsforvalteren tilrår navnet Kleppefjell og Venelinuten som i høringsforslaget.

Avgrensing

Det er gjort fleire endringar fram mot høyring. Sjå kapittel 3.2.

Verneforskrift

Det er gjort justeringar på verneformålet i samband med utarbeiding av tilrådinga. Det er og gjort andre endringar og tilpassingar i forskrifta i tråd med ny forskriftsmal.

Statsforvalterens tilråding:

Statsforvaltaren tilrår at området blir verna som naturreservat med endring i verneforskrift og vernekart som beskrive.

Vedlegg:

Vedlegg 1. Forslag til vernekart for Kleppefjell og Venelinuten, Hjartdal kommune, Telemark

Vedlegg 2. Verneforskrift

Vedlegg 3. Høyringsfråsegner